



Jon Einar Veland
Dordihaugen 1
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3422 - 19/34127

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2019

Løyve til omlegging av leidning i grunn - gbnr 108/321 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Jon Einar Veland


Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld omlegging av vatn- og avlaupsleidningar over eigedomen. Det vart gjeve løyve til etablering av ny garasje i administrativt vedtak den 20.02.2019.

Det vart i etterkant av løyve oppdaga at omsøkte garasje var plassert over kommunale leidningsnett og at det privatrettslege ikkje var tilstrekkeleg avklart.

Ansvarleg søkjar i saka har vore i kontakt med Teknisk drift for å vurdere ny trasé for leidningane over eigedomen og revidert situasjonskart er no sendt inn på bakgrunn av Teknisk drift sin vurdering.



Vi syner til utsnitt av situasjonskart over. Dette vart motteke her på e-post den 14.11.2019 og ligg til grunn for dette vedtaket.



Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Apalbakken del av gnr. 108,

bnr. 2 er definert som bustadområde.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % av tomtens nettoareal.

Uttale frå anna styresmakt

Saka har vore til uttale hos Teknisk drift vedkomande godkjenning av ny trasé. Det er stadfesta at innsendte situasjonskart som syna over er i samsvar med det som er godkjent frå teknisk drift.

Fundament for garasje skal fundamenterast under botn hovudleidningar, jf. reviderte teikningar motteke 14.11.19.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for ny varsling til naboar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan og teikningar motteke 14.11.19.

VURDERING:

Som det går fram ovanfor gjeld saka omlegging av vatn- og avlaupsleidningar. Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Bygging av garasje skal gjennomførast i samsvar med opprinneleg løyve datert 20.02.19.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav b vert det gjeve løyve til tiltak for omlegging av vatn- og avlaupsleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og teikningar motteke 14.11.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med beskrivelse og godkjenning frå teknisk drift.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjenning av utført endring frå teknisk drift.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er

postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jon Einar Veland
Knut Willie Jacobsen

Dordihaugen 1 5955
Garvik 5912

LINDÅS
SEIM